

Doktor Haugen slik du minnest han 2

16.12.2014



DEN VÅTE LEGESKYSSEN

Torbjørn Storegjerde fortalde om eingong han måtte gå i legeskys med doktor Haugen til Gjuvsland på Varaldsøy. Det bles friskt søraust den dagen og då dei kom fram var det slik sjø at det var heilt uråd å koma heilt oppunder land.

Men det hasta for den sjuke, så doktoren sa til Storegjerden:

- Gå så langt opp du kan så hopper jeg!

Og han hoppa. Vatnet nådde han til halsen.
Veska heldt han over hovudet og vassa iland.

Han vart henta i Ferjevågen på heimveg.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat